

Gründercamp på Tine

Det var stor gründercamp på TINE Meieriet Byrkjelo tysdag den 11. november i nært samarbeid mellom Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane og TINE. Om lag 80 elevar frå Gloppen og Skei Ungdomsskule deltok denne dagen.

Elevane fekk omvisning på anlegget og så fekk dei utdelt oppgaver som dei skulle løyse:

Auke mjølkeforbruket

«Dei siste åra har vi opplevd at det norske folk generelt sett drikk mindre mjølk per innbyggjar. Korleis skal vi snu denne trenden? Kva skal til for at du og din familie skal drikke meir mjølk?»

Rekruttering

Korleis skal vi gjere arbeidsplassane på TINE Meieriet Byrkjelo betre kjende? Kva skal til for at du vel å søkje arbeid ved TINE Meieriet Byrkjelo?»

Representantar frå Ungt Entreprenørskap og TINE Meieriet Byrkjelo var ute på skulane dagen før og førebudde elevane på det som skulle skje. På tine var det presentasjon for ein jury som vurderte oppgåvene, og premiering av beste presentasjon, beste løysing og kreativitet.



Elevane frå Gloppen og Skei ungdomsskular fekk omvisning på Tine. Foto: Tine

– Dette er viktig

Her er nokre av kommentarane som fall frå elevar:

«Slike arrangement som dette er viktig. No veit eg mykje meir om TINE og kva slags jobbar som fins her».

«Kjekk, annleis og meir praktisk skuledag».

«God mat».

Og frå TINE:

«Det er viktig for oss at ungdomane i nærområdet kjenner til oss og veit om kompetansearbeidsplassane vi har å tilby».

Det er for oss både kjekt og nyttig å samarbeide med Ungt Entreprenørskap. Dette er noko vi kan anbefale andre bedrifter å gjere».

Sagt av Ungt Entreprenørskap:

«Vi er avhengig av at bedriftene engasjerer seg på best mogleg måte, og i Sogn og Fjordane framstår TINE som ei mønsterbedrift i så måte.»

Sagt av Ungt Entreprenørskap og TINE:

«Fantastisk aktiv og fin ungdom. Dei har arbeidd konstruktivt ein heil dag, dette tyder godt for den framtidige rekrutteringa.»

Med eige dikt

Og då kan det passe å avslutte med eit fint dikt frå ei av gruppene frå Gloppen Ungdomsskule:



Her er ei av dei fire, av totalt 14 grupper, som vart premierte. Grappa var frå Gloppen ungdomsskule. Kriteria var: beste presentasjon, beste ide/mest kreative løysing, mest miljøvennlege løysing, det vidaste spennet i presentasjonen. Ost frå Tine var naturlegvis premien.

Fleire smakar blir perfekt,
Tutti frutti og konfekt.
Samt så må den vere sunn,
då blir det som gull i munn.

Frukt det likar mange det,
eple, pære blir suksess,

Kvifor ikkje appelsin,
og til jul litt mandarin?

«Kjærleik til dyra. Kjærleik til folket»



Her vert kvaliteten på den lagra kvitosten sjekka.



Det vart trengt om plassen og fin stemning i kantina under premieringa.